

**Sjøtroll-utviding ut til ettersyn**

11.03.2011

**Fylkeskommunen ber om at kommunen vurderer søknaden frå Sjøtroll Havbruk om utviding av anlegget utanfor Skorpo etter plan- og bygningslova samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn i 4 veker.**

Spørsmålet om konsekvensutgreiing rundt prosjektet er ein anna side av saka og her har fylkeskommunen konkludert med at det ikkje er grunnlag for å påleggja Sjøtroll Havbruk slik utgreiing.

Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til tilhøve som medfører at det vert utløyst krav om dette. Andre er av samme meining, mellom andre søkjaren og Miljøvernavdelinga til Fylkesmannen.

Maksimal tillaten biomasse vil bli utvida frå 3120 tonn til 4680 tonn og det er dette som har utløyst vurdering av plikt om konsekvensutgreiing.